



«Mottakernavn»
«Adresse»
«Postnr» «Poststed»
«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Annhild Merete Lorentzen,

Informasjon om sentralt gitt eksamen i grunnskolen våren 2024

Statsforvaltaren ber om at postmottak i kommunen distribuerer vedlagde skriv til skolefagleg ansvarleg (eksamensansvarleg på kommunenivå).

Skolefagleg ansvarleg/eksamensansvarleg har ansvar for å distribuere vidare til

- Skolar med ungdomstrinn (eksamensansvarleg/rektor)
- Vaksenopplæringssentra (eksamensansvarleg/rektor)
- Private skolar med ungdomstrinn (eksamensansvarleg/rektor)

Dette brevet inneheld informasjon om:

1. Skolen må gjere elevane kjende med eksamen
2. Påmelding av kandidatar i PAS-eksamen
3. Forslag til fagpersonar som sensor
 - a) om oppdatering av fagpersonregisteret
 - b) sensorskolering
 - c) fellessensur
4. Om nettbaserte hjelpemiddel til eksamen
5. Komande møte: Eksamensmøte 2024

PAS-Eksamen opnar for påmelding av kandidatar og for å foreslå fagpersonar som sensorar 24. januar.

Vi viser også til Utdanningsdirektoratet (Udir) si nettside der de finn meir utfyllande og [generell informasjon om eksamen](#) og om å [administrere eksamen](#). Her finner de all informasjon om datoar og ein gjennomgang av planlegging, gjennomføring og oppfølging av eksamen.



Vi viser også til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal si nettside om [Eksamen og vurdering](#) der vi legg ut relevant informasjon frå oss. Statsforvaltaren kjem i tillegg med meir utfyllande informasjon på [Eksamensmøtet 2024](#) på Teams 13. februar. Sjå også punkt 5.

1. Gjer elevane kjende med eksamen

Skoleeigar har ansvar for at elevane får informasjon om eksamen og kva det blir lagt vekt på i vurderinga jf. forskrift til oppl. § 3-23. Rektor må difor minne faglærarar i dei tre sentralt gitte faga på 10. trinn om at dei før eksamen gjer elevane kjende med aktuelle læreplanar i faga, eksamensrettleiingar og eksempeloppgåver.

For faglærarar er Udir si side [Forberede og ta eksamen](#) særleg sentral. Det er også naturleg at elevane før eksamen får øve seg på eksempeloppgåvene på Udir og at dei vert gjort kjent med nye eksamensrettleiingar og nye oppgåvespesifikke vurderingskriterier.

I Udirs artikkel [Endringer i eksamen etter LK20](#) vert lenker til eksempeloppgåver, vurderingsrettleiing og nye vurderingskriterier i norsk, engelsk og matematikk lagt ut for våren 2024. Sida vert oppdatert fortløpande: Følg med.

2. Påmelding av kandidatar i PAS-eksamen – frist 1. mars 2024

Vi presiserer at påmelding til eksamen føreset at kommunen har utført trekket av fag og elevar jf. forskrift til oppl. § 3-23. Sjå om [Trekking av eksamensfag](#) og rundskriv om [Trekking ved eksamen for grunnskole og videregående opplæring](#). Kommunen skal sørge for at trekket fordelar seg jamt på fag og skolar over tid. Kommunen har også ansvar for trekket av fag og elevar/deltakarar for dei private skolane og vaksenopplæringssetra.

Sjå Utdanningsdirektoratet sin informasjon om

- [Påmelding av eksamenskandidater](#)
- [Filmen Finne eksamensmaterieil, registrere gruppeansvarleg, skrive ut kandidatnummer og passord og lage dagspassord](#)

Vi minner også om endringa i høve elevar med fritak frå vurdering i skriftleg sidemål jf. forskrift til oppl. § 3-19. Elevar med slikt fritak, skal [berre ha ein eksamensdag i norsk](#). Dei skal no meldast opp til eksamen i hovudmål: fagkode NOR0218. Les meir om dette [HER](#).

Påmelding av kandidatar og bestilling av materieil til kandidatar med behov for [særskild tilrettelegging](#) skal gjerast i påmeldingsbiletet i PAS-eksamen innan 1. mars 2024.

Dersom elevar bytar skole i perioden mellom påmelding og eksamen, må avgivarskolen sørge for at eleven vert fjerna frå si eksamensgruppe i PAS-eksamen. Den nye skolen kan då legge eleven til.



Ver merksam på at ved etterpåmeldingar av elevar i matematikk etter 1. mars må skolen sjølv laste ned eksamensoppgåva frå PAS-eksamen.

Påmeldingar etter fristen og brukarstøtte skal skje tenesteveg:

Skole -> Kommune -> Statsforvaltar -> Utdanningsdirektoratet.

Kommunane har ansvar for brukarstøtte for skolar, inkludert vaksenopplæring og privatskolar, i eigen kommune.

3. Forslag til fagpersonar som sensor – frist 1. mars 2024

Først og fremst vil vi takke kommunar og skolar for fagpersonane de foreslo til eksamen 2023. Sensuren av sentralt gitt eksamen våren 2023 gjekk godt med dyktige sensorar. De kan lese om erfaringar frå eksamen i grunnskolen 2023 i [oppmannsrapportane i engelsk, matematikk og norsk](#) på vår heimeside.

Våren 2024 treng vi om lag 70 sensorar for å få gjennomført sensuren i norsk, matematikk og engelsk. Alle sensorar som vert oppnemnt vil få skoling. Deltaking i sensorkorpset er ei betydeleg kompetanseheving i LK20 og vurdering for den einskilde lærar, men også for skolen gjennom at lærarar med sensorerfaring tek viktig kunnskap tilbake til skolen sin.

Vi ønsker at flest mogleg skal få høve til å prøve seg som sensor. Vårt mål er å få ei blanding av røynde og nye sensorar, ei tilnærma lik fordeling mellom kjønn og best mogleg geografisk spreining. Vi har ikkje kjennskap til alle fagpersonar som er foreslått. Rektor si kvalitetssikring er difor svært viktig for sensuren. Rektor må difor vurdere om fagpersonen:

- har god innsikt i læreplanane og god vurderingskompetanse
- er fagleg dyktig og har undervisningskompetanse i faget
- har erfaring frå undervisning i avgangsklasse
- er ryddig og har ein påliteleg veremåte
- har god arbeidskapasitet og samarbeidsevne

I PAS-eksamen er det ikkje mogleg for rektor å gjere prioriteringar mellom lærarar/fag. Ved spesielle ønsker/prioriteringar, send oss ein e-post, så vil vi prøve å ta omsyn til dette.

NB! Statsforvaltaren ser ut frå statistikk at vi har kommunar/skolar som ikkje har foreslått fagpersonar på fleire år, og vi oppmodar særleg desse til å motivere sine lærarar til å stille som fagpersonar/sensorar. Ei oppmoding går også til vaksenopplæringssentra og private skolar om å arbeide aktivt for å få sine lærarar til å stille som sensorar.

Les meir på Utdanningsdirektoratet si nettside: [Foreslå fagpersonar som sensor](#)



a) Om oppdatering av fagpersonregisteret i PAS

Frist for å oppdatere skolen sitt fagpersonregister i PAS-eksamen: **1. mars.**

- PAS – rydd opp i gamle i fagkodar:
 1. **Fjern utgåtte/gamle kodar frå LK06**
 2. Legg inn nye fagkodar (LK20):
 - Matematikk: **MAT0015**
 - Engelsk: **ENG0030**
 - Norsk: **NOR0218** (hovudmål) og **NOR0219** (sidemål).
- Dersom fagpersonar allereie er registrert under fana «fagpersonar», må det **hakast av** for at dei skal bli foreslått som fagperson våren 2024.
- Sjekk at tidlegare brukte fagpersonar ligg inne med rett namn, mobilnummer og e-postadresse.
- Skal du legge til ny fagperson må du ha personnummer, mobilnummer og e-postadresse tilgjengeleg.
- Foreslå fag på fagpersonar:
 - Fagkode for matematikk: MAT0015
 - Fagkode for engelsk: ENG0030
 - Fagkodar i norsk: Huk av for begge: NOR0218 (HM) og NOR0219 (SM).

Fagpersonane som vert oppnemnt får oppnemningsbrev og SMS frå Statsforvaltaren/Udir i mars/april. Meldinga vert sendt direkte til fagpersonen frå PAS-eksamen til den e-postadressa og mobilnummeret som er registrert.

Rektor/kommune vil sjå i PAS-eksamen om foreslegne fagpersonar har blitt oppnemnt som sensorar.

b) Sensorskolering våren 2024

Sensorskoleringa for sentralt gitt eksamen: **Fredag 31. mai 2024** på Scandic Alexandra, Molde.

Det er forventa at fagpersonar som vert oppnemnt til sensorar møter på sensorskoleringa. Reiseutgifter og honorar for heile sensoroppdraget vert dekt av Statsforvaltaren/Udir. Vikarutgifter må skolen/kommunen dekke sjølv.

(Førehandssensur for oppmenn og evt. oppmannsgrupper: Engelsk og norsk: 23.-24. mai / Matematikk 27.-28. mai. Arr. Udir, Oslo.)



c) Fellessensur

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har ansvar for alle dei tre faga i grunnskolen. Fellessensurmøter for alle faga er fastsett til **tysdag 18. juni** i på Scandic Alexandra Hotel i Molde.

Skolen kan hente eksamensresultata i PAS så snart fellessensuren er gjennomført den 18. juni.

4. Om nettbaserte hjelpemiddel

Les om [Bruken av hjelpemidler](#) på Utdanningsdirektoratet si nettside.

Vi gjer også merksam på at det frå våren 2018 gjaldt nye, obligatoriske føringar for hjelpemiddelbruk til sentralt gitt eksamen i grunnskolen. Føringane inneheld minimumskrav og øvre tak for kor mange nettbaserte hjelpemiddel som skoleeigar skal tilby alle sine eksamenskandidatar. Vidare gjer dei greie for skoleeigar og skoleleiar sitt ansvar, samt moglege konsekvensar dersom elevane ikkje får tilgang til dei nettbaserte hjelpemidla. Dei nasjonale føringane finn de [HER](#).

5. Komande møte og informasjon om eksamen og vurdering

Eksamensmøte 2024

Statsforvaltaren viser til utsendt invitasjon til teamsmøte/webinar om eksamen og vurdering **tysdag 13. februar kl. 13.00-15.00**. Brevet er sendt til postmottak i kommunane ved eksamensansvarleg på kommunenivå. Vi ber om at eksamensansvarleg i kommunen sender invitasjonen vidare til aktuelle eksamensansvarlege på skolar og vaksenopplæring. Meir informasjon om møtet og påmelding på statsforvaltaren si nettside: [HER](#).

Kontaktpersonar for eksamen:

Seniorrådgivar Annhild Lorentzen: tlf 71 25 85 96, e-post: annahild.lorentzen@statsforvalteren.no

Rådgivar Tone Malme: tlf 71 25 85 66, e-post: tone.malme@statsforvalteren.no

Seniorrådgivar Stig Ove Andersen: tlf 71 25 84 90, e-post: stig.andersen@statsforvalteren.no

Med helsing

Annhild Merete Lorentzen (e.f.)
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Mottakere:

Vanylven kommune	Rådhuset	6143	FISKÅBYGD
Sande kommune	Rådhuset	6084	LARSNES
Herøy kommune (Møre og Romsdal)	Postboks 274	6099	FOSNAVÅG
Ulstein kommune	Pb. 143	6067	ULSTEINVIK
Hareid kommune	Rådhusplassen 5	6060	HAREID
Ørsta kommune	Dalevegen 6	6153	ØRSTA
Stranda kommune	Øyna 13	6200	STRANDA
Sykkylven kommune	Rådhuset, Kyrkjevegen 62	6230	SYKKYLVEN
Sula kommune	Postboks 280	6039	LANGEVÅG
Giske kommune	Rådhuset, Valderhaug 4	6050	VALDERØY
Vestnes kommune	Rådhuset	6390	VESTNES
Rauma kommune	Vollan 8 A	6300	ÅNDALSNES
Aukra kommune	Kommunehuset Nyjordvegen 12	6480	AUKRA
Averøy kommune	Postboks 152, Bruhagen	6538	AVERØY
Gjemnes kommune	Rådhuset, Nordmørsvegen 24	6631	BATNFJORDSØRA
Tingvoll kommune	Midtvågvegen 2	6630	TINGVOLL
Sunndal kommune	Postboks 94	6601	SUNNDALSØRA
Surnadal kommune	Bårdshaugvegen 1	6650	SURNADAL
Smøla kommune	Postboks 34	6571	SMØLA
Aure kommune	Postboks 33	6689	AURE
Kristiansund kommune	Postboks 178	6501	KRISTIANSUND N
Molde kommune	Rådhusplassen 1	6413	MOLDE
Hustadvika kommune	Tingplassen 1	6440	ELNESVÅGEN
Volda kommune	Stormyra 2	6100	VOLDA
Fjord kommune	Olavsgata 10	6210	VALLDAL
Haram kommune	Postboks 33	6282	BRATTVÅG
Ålesund kommune	Postboks 1521	6025	ÅLESUND